



NR 1, 2022 KYRKJELYDSBLAD FOR SOKNA I HØYANGER KOMMUNE 90. ÅRG

**I dette nummeret  
kan du lese om:**

*Kvar er Gud?*

*Konfirmantleir og Påskedrama*

*Kyrkjetenarane Heike og Irene*

*Fasteaksjonen 2022*

*Jazzkonsert i Høyanger kyrkje*

*I glede og sorg*



***God påske!***

## HELGESTUNDER

Kyrkjelydsblad for Høyanger, Kyrkjebø, Lavik, Bjordal & Ortnevik sokn. **I redaksjonen:** Sturla Bell Fossen, Toril Lange, Vidar Myren, Sissel Sørebø, Karl Hjelmeland, Andreas Ester.

**Layout:** Bjørnar Otterstein

## Pengegåver vert mottekne med takk!

**Bankgiro: 3705.24.53659 - Vipps 716593**

Trykk/oppsett: Husabø Prenteverk

## Kyrkja - Guds hus og vårt hus.

### Guds hus

Kyrkja er viktig for mange menneske. Oftast står den som eit kraftfullt symbolbygg midt i bygda eller byen. Kyrkja framkallar kjensler, forhåpentlegvis mest på godt, men også på vondt for ein del menneske.

Vi kallar gjerne kyrkja Guds hus. I det ligg det at dette huset er vigd til Gud, og vi tenkjer at Gud på ein særleg måte er til stades når vi samlast der. Difor kallar vi også kyrkja for eit heilagt rom. Dei fleste som kjem inn i ei kyrkje får nok ofte ei kjensle av at det er eit annleis rom. Rommet stemmer sinnet til ettertanke og andakt. Det styrer ofte tanken og kjenslene mot noko utanfor oss. Noko større.

Men dette legg også føringar på korleis vi brukar kyrkja. Enkelt uttrykt kan vi seie at kyrkja skal vere open for alle, men ikkje open for alt. Til dømes vil det vere utfordrande å stille kyrkja til disposisjon dersom ein del av poenget med det som føregår er at det ikke skal vere kristent. Kyrkja er Guds hus. Her har soknerådet eit viktig forvaltaransvar.

### Vårt hus

Men kyrkja er også vårt hus. Alle som bur i soknet og er medlemer i kyrkja har eit eigarskap til vår lokale kyrkje. Kyrkja representerer dei lange linjene i livet, frå vogge til grav. Frå generasjon til generasjon. Det er viktig at kyrkja blir noko meir enn ein del av eit offentleg religionsvesen. Kyrkjebygningen og kyrkjelivet kallar på eit lokalt engasjement. Vi treng å gjere den til vår om den skal få ei god framtid.

Sjølv sagt skal det vere rom for dei som berre vil bruke kyrkja ein sjeldan gong, til dømes i gravferd. Samtidig er kyrkja avhengig av at så mange som mogeleg, ikkje berre spør: kva kan kyrkja gjere for meg, men også: kva kan eg gjere for kyrkja?

Sokneprest Karl Hjelmeland

[www.kyrkja/hoyanger/](http://www.kyrkja/hoyanger/)  
[www.facebook.com/kyrkjaihoyanger/](http://www.facebook.com/kyrkjaihoyanger/)  
[www.instagram.com/kyrkjai/](http://www.instagram.com/kyrkjai/)

**Høyanger kyrkjekontor**  
 Marcus Thranes gt.3. Pb. 159  
 6991 Høyanger  
 Telefon: 57 71 41 00  
[post.hoyanger@kyrkja.no](mailto:post.hoyanger@kyrkja.no)

**Lavik kyrkjekontor**  
 Postadr.: Pb 14, 6946 Lavik  
 Telefon: 57 71 41 00  
[post.hoyanger@kyrkja.no](mailto:post.hoyanger@kyrkja.no)

**Adm. sekretær:** Katarina Vattekær  
 Jobbmobil: 40 45 86 49  
 E-post: KV333@kyrkja.no

**Prost:** Knut Magne Nesse  
 Brendøyvegen 26, 6906 Florø  
 Mobil: 91 71 32 75  
 E-post: [knut.magne.nesse@kinn.kyrkja.no](mailto:knut.magne.nesse@kinn.kyrkja.no)

**Sokneprest Høyanger/Kyrkjebø:**  
 Andreas Ester, 6947 Lavik  
 Mobil: 45 22 17 37  
 E-post: [AE639@kyrkja.no](mailto:AE639@kyrkja.no)

**Sokneprest Lavik og Bjordal/Ortnevik**  
 Karl Hjelmeland, Lavikdalsvegen 801,  
 6947 Lavik, Mobil: 95 40 80 48  
 E-post: [KH882@kyrkja.no](mailto:KH882@kyrkja.no)

**Kyrkjeverje:** Bjørnar Otterstein  
 Kyrkjekontoret i Høyanger  
 Telefon kontor: 57 71 41 00  
 Mobil: 91 76 38 03  
 E-post: [BO446@kyrkja.no](mailto:BO446@kyrkja.no)

**Kantor:** Gerda Otterstein  
 6993 Høyanger  
 Mobil: 94 18 67 09  
 E-post: [GO985@kyrkja.no](mailto:GO985@kyrkja.no)

**Leiarar av sokneråda:**  
 Høy: May-W. Fossmark 90 53 90 02  
 Kyrkjebø: Sturla B. Fossen 99 49 47 45  
 Lavik: Toril Lange 92 24 09 66  
 Bjo. og Ort: Sissel Sørebø 91 68 93 81

**Leiar kyrkjeleg fellesråd:**  
 Sturla Bell Fossen 99 49 47 45

**Kyrkjetenarar**  
 Høyanger: Heike Müller tlf. 99 39 84 97  
 Kyrkjebø: Irene Aase Aarseth tlf. 97 0129 77  
 Vadheim: Irene Aase Aarseth tlf. 97 0129 77  
 Lavik: Bjørne Hellebø tlf. 97 75 10 21  
       Olav Hellebø tlf. 90 08 49 12  
       Audun Engedal tlf. 41 56 36 28  
 Bjordal: Norvald Bjordal tlf. 97 12 57 33  
 Ortnevik: Joar Oppedal tlf. 41 10 05 87

**KIRKENS SOS: Tlf. 22 40 00 40**



## Kvar er Gud? Hos dei som er i naud!

Klimakrisa har vore med oss ei god stund no, og tida spring frå oss. Konsekvensane for menneskeslekta kan bli enorme i nær framtid. Så kom pandemien på toppen dei siste to år. Millionar døydde. No var vi nett i gang med å håpe på å komme tilbake til «normalen», så braut krigen ut over natta midt i Europa.

På TV ser vi kvar dag bilete som liknar på Syria eller Afghanistan, men er frå vår eigen verdsdel. Og eit av nabo-landa våre er aggressor i denne brutale invasjonen som allereie etter få dagar har ført til tusenvis av omkomne og hundretusenvis på flukt. Og det blir til og med truga med mogleg bruk av atomvåpen. Dette hadde vi ikkje sett for oss kunne skje før berre få år sidan, og det er grunn til alvorleg bekymring for alle.

Korleis kan vi finne håp, i ein situasjon der den ultimate katastrofa brått ikkje er heilt utenkjeleg lenger? Kvar er Gud?

Kristne vender seg til Gud og søker etter han. Mange som i lang tid kanskje ikkje har bedt så mykje, registrerer at dei ønskjer å be til Gud. Og vi må ikkje «kunne» dei rette orda for å gjere det. Det er nok å vere stille ein augneblink. Men å be ei bøn betyr ikkje at vi nødvendigvis blir kvitt påkjenningsa med ein gong. Det kan vere ei alvorleg utfordring, anfekting, at det ikkje skjer. Bøn er ikkje ein kvikk-fiks. Bøn treng stå-på-vilje. Du må halde ut i bøn. Fastetida, tida før påske, er ei tid for å stå i bøna.

Jesus ber, les vi fleire gonger i Det nye testamentet. Som oss og saman med oss. Han går vegen til krossen, til liding og død. Blir avmekting, såra og slått i hel. Han er solidarisk og saman med menneske i naud.

Han er medkjensle, uendeleg medkjensle.

God påske!

Andreas Ester, sokneprest

## MIN PÅSKESALME



Eg har valgt salmen «Påskemorgen slukker sorgen» **Norsk salmebok nr. 196**. Det har eg gjort fordi eg i barndomen lærte meg å spele denne salmen på orgel. Eg trur eg var 12 – 13 år gammal, og det var bonusbestefaren min Olav Myren som var lærar. Han hadde Koralboka, så eg spelte etter notar.

Notar hadde eg allereie lært litt om i skulen. Det enda med at eg heldt ein privat konsert for familien, der denne salmen var einaste nummer. Teksten hugsar eg ikkje så godt, men melodien har lagt seg på minnet. Då eg gjekk på skulen var det meir eller mindre slutt på å pugge salmar. Og dei få eg pugga har eg gløymt. Men her er teksten, som er skriven av N. F. S. Grundtvig i 1843. Og melodien, som eg lærte meg, laga Ludvig M Lindeman i 1864.

Påskemorgen slukker sorgen,  
slukker sorgen til evig tid;  
den har oss givet lyset og livet,  
lyset og livet i dagning blid.  
Påskemorgen slukker sorgen,  
slukker sorgen til evig tid.

Redningsmannen er oppstanden,  
er oppstanden i morgengry!

Helvede greder, himlen seg gleder,  
himlen seg gleder med lovsang ny.  
Redningsmannen er oppstanden,  
er oppstanden i morgengry!

Sangen toner, vår forsoner,  
vår forsoner til evig pris;  
han ville bløde for oss å møte  
For oss å møte i paradis.  
Sangen toner, vår forsoner,  
vår forsoner til evig pris.

Bøtt er brøden, død er døden,  
død er døden som syndens sold!  
Nå ligger graven midt i gudshaven,  
Midt i gudshaven i Jesu vold.  
Bøtt er brøden, død er døden,  
død er døden som syndens sold.

Mørket greder, englekleder,  
englekleder de er som lyn.  
Om enn bedrøvet smiler dog støvet,  
smiler dog støvet ved englesyn.  
Mørket greder, englekleder,  
englekleder de er som lyn.

Se i skarer, opp vi farer,  
opp vi farer fra grav i sky.  
Tungene gløder, Herren vi møter,  
Herren vi møter med lovsang ny.  
Se i skarer opp vi farer,  
opp vi farer fra grav i sky.

Tekst og foto: Vidar Myren

## Pilegrimsreise i eige sokn?


Nei, det er gjerne ikkje heilt det same som ei pilegrims-vandring, men ei vandring kan du likevel oppleve, i eller rundt nokre av kyrkjene våre no i tida kring påske. Både på Sørsida, i Lavik og på Kyrkjebø kan dei som vitjar kyrkjene på desse stadane gå ei løype der plakatar presenterer ulike bibeltekstar og biletet. Illustrasjonane er laga av ein kunstnar frå nord i vårt eige, gamle fylke.

Sokna har montert plakatane på ulikt vis, men alle stadane har dei det til felles at du vert guida gjennom ei forteljing som har ei tidslinje i tråd med Bibelen sin bodskap. Historia dei fortel er den velkjende og dystre soga om liding og død, men òg om Oppstoda – sjølve grunnlaget for vår kristne tru, og om det Lys og Håp den viste oss. Det er to ulike motiv-seriar du kan møte på:

Den eine har tema frå lidingssoga og kallast Via Dolorosa, medan den andre, som byrjar med Oppstoda kallast Via Lucis (lysvegen) og leier fram mot pinsedagen.

Det dystre er tidlaust og møter oss i nyhendemeldingar kvar einaste dag. Det er naturkatastrofar, pandemiar og menneskeskapte konflikter i verda rundt oss. Då treng me kanskje ekstra tid og rom til ei stille vandring, som gjev oss høve til å setje våre livsvilkår i perspektiv, og som trass alt vondt – fortel om det evige håpet.

Du har gjerne tenkt å vitje gravplassen for å pynte graver, gå innom kyrkja for å delta i gudstenesta, eller berre gå ein roleg tur på ein fredfull stad og lufta tankane dine?



Pilegrim? Du er i alle fall velkommen til å gå ei påskevandring rundt kyrkjene våre! Sokneråda

## Konfirmantleir og påskedrama

Konfirmantane frå Lavik, Sørsida og Hyllestad var samla til konfirmantleir på Alværa siste helga i vinterferien. Leiren var planlagt til byrjinga av januar, men måtte utsettast på grunn av koronarestriksjonar. Konfirmantleir 2022 var : \* hektiske døgn \* venskap \* korte netter for nokre \* undervisning \* øving til samtalegudstenester \* Jesusfilm og Jesusbingo \* Leirkveld og fruktsalatleiken \* samarbeidsløype med m.a. å forflytte seg på bruskassar og bygge tårn med spaghetti og modellkitt \* prat på romma \* lasagne \* bønevandring.

**Tema for leiren var Påske.** Konfirmantane vart delt i 3 grupper. Kvar gruppe skulle lage stillbilete frå tre ulike scener frå påskeforteljinga. Det var imponerande å sjå kor kreative konfirmantane var! Søndag var foreldre, søsken og besteforeldre inviterte til gudstenesta med påfølgjande kyrkjekaffi. Takk til de foreldre som var nattevakter, hjelpte til på kjøkkenet og bakte/tok ansvar for kyrkjekaffien. Takk også til Heike som var på kjøkkenet laurdagen og stelte godt med oss!



Innstiftinga av Nattverden



Jesus viser fram såra sine



Krossfestinga på Golgata




**5. - 6. februar var det Tårnagenthelg i Høyanger kyrkje.**  
Born som går i 3. klasse vart inviterte til å utforske kyrkja frå kjellaren til tårnet. Alle

hadde det veldig kjekt og koste seg masse. Tusen takk til Aud og Torsten som medhjelparar.



Første utfordringa var labyrinten i kyrkja.



Etter å ha fått agentutstyret, måtte agentane gjennomføre agentskule. Dei fekk testa sansane og motet sitt, og bestod med glans.



Deretter følgde forskjellige, spennande agentoppdrag. Sjølvsagt trengte agentar mat. Vi grilla ute i snøen og koste oss med hamburgar og grillpølser.



### Oppdrag skattejakt



### Oppdrag tårn

Kva heiter klokken i kyrkja? Kor høgt er klokketårnet? **Spør tårnagentane!**



### Oppdrag gudsteneste

Søndag deltok tårnagentar i gudstenesta med bøn, song og dramatiseringa til preiketeksten.

## 2022 med fokus på frivillig og ulønna innsats

Kva kan vere med å skape bulyst og trivsel i eit lokalsamfunn? Mange frivillige organisasjonar gjer ein stor innsats på så mange område, og dette året har vi spesiell fokus på det.

I bygdene og i tettstaden er det fleire aktive lag innan idrett og sport. Røde Kors er i beredskap. Sanitettslag arbeider for folkehelse og fellesskap. Pensjonistlaga, bygdekvinnelag og fleire inviterer til samlingar slik at folk skal kunne møtast og ha det hyggjeleg i lag. Korps og kor er viktige tilbod. Born og unge får mange gode erfaringar og opplevelingar i 4H-klubbane.

På Alværa kyrkje- og misjonssenter får born og unge gode leiropplevingar. I kyrkjelydane blir det invitert til samlingar for born i ulike aldersgrupper. Kyrkjelydkveldar for vaksne og jamlege gudstenester er tilbod i dei fleste kyrkjene. Naboor hjelper kvarandre, og eldre og einsame får besøk. Alt dette og mykje meir er med på å gjere det fint å bu i eit område.

### Pandemi – kva så?

Mange hadde det vanskeleg då restriksjonane gjorde at ein ikkje kunne stikke innom kvarandre og pårørande ikkje kunne vere hjå sine aller nærmaste som var sjuke. Pandemien vart ein vekkjar for å forstå kva dei daglege møta med andre menneske har å seie. For nokre familiar vart det nok også eit rolegare liv når borna ikkje skulle ut på alle aktivitetane om ettermiddagen. Kanskje nokre av dei frivillige opplevde at det var godt med ein pause frå mange ulike oppgåver som ein hadde teke på seg. No når samfunnet opnar opp, blir det spennande å sjå korleis det går å få tilboda i gong att.

### Dei eller vi?

Når vi brukar ordet **dei**, kan det vere at vi tenkjer på kommunen eller kyrkja som burde gje ulike tilbod. Kva om vi brukte ordet **vi** oftare? Dugnad trengst innan alle organisasjonar. I kyrkja, som elles, er det mange små oppgåver som til saman blir ein heilskap. Konkrete og avgrensa tiltak som å bake, koke kaffi, køyre, besøke, gjere det fint på gravplassane, vere kyrkjevert osv. er viktige i tillegg til dei demokratiske verva. Her er mange nødvendige oppgåver som **vi** kan gjere saman.



Olav  
Fridtun og  
Mari-Ann  
Lund  
Fridtun på  
premie-  
utdeling  
etter  
natursti og  
hestesko-  
kasting i  
pensjonist-  
laget.

Som ein  
represen-  
tant for  
mange  
som yter frivillig innsats i lokalmiljøet, spør eg Mari-Ann Lund Fridtun om hennar erfaringar. Ho bur på Massneset, og Ikjefjord med om lag 50 innbyggjarar er nærmeste grenda.

- Er det noko som folk i bygda er saman om, der det blir forventa at dei som kan, tek ansvar?

«I Ikjefjord feirar vi 17. mai lokalt. Vi har juletrefest 2. juledag og basar i påsken. Før jul er det bakedag, til jonsok samlast vi ved bål, og det blir invitert til dognad på grendahuset. Det er bygdelaget som organiserer og fordeler oppgåvene. Eg er imponert over kva ei lita bygd kan få til. Det skapar samkjensle, og innflyttarar og hyttefolk er inkludert.»

- Dei siste tre åra har du vore leiar i Sørsida pensjonistlag. Korleis har denne oppgåva vore for deg?

«Eg hadde ikkje lyst i utgangspunktet, men då eg kom inn i arbeidet var det kjekt. Det har vore triveleg i styret og på samlingane. Mange er takksame for det som blir gjort, og det kjennest fint. Vi treng rekruttering av yngre pensjonistar.»

- Då du kom til Bjordal frå Trøndelag i 1988 byrja du med søndagsskule i kyrkja i tillegg til å vere lærar heile veka. Det måtte vel vere arbeidsamt og stritt for deg?

«Når borna kom var det inspirerande for meg, sjølv om eg kunne vere sliten i utgangspunktet.»

- Du er med i misjonsforeining og i områdestyret i Det Norske Misjonsselskap (NMS). Eg veit at Alværa kyrkje- og misjonssenter er viktig for deg. Kva konsekvensar har det når det gjeld frivillig innsats?

«På Alværa blir det invitert til dognad ute og inne. Eg har hatt ein del ansvar for rulling av dukar og baking til samlingar.»



Mari-Ann Lund Fridtun, Erling Bjordal, Herdis Årnes og Jon Dyrrdal frå pensjonistlaget deler ut påskeblomster med fin helsing til eldre under nedstenginga av samfunnet.

- I åtte år var du med i soknerådet? Kunne du tenkje deg å stille på liste igjen?

«Eg trur at eg no heller vil ha andre oppgåver i kyrkjelyden, så eg håpar at yngre krefter vil stille på liste.»

- Sjølv om du no ikkje er med i soknerådet, er du ein som villig stiller opp med kyrkjeskyss, i fasteaksjon, i hyggestunder på Bygdetunet, som kyrkjevert og som medhjelpar i tilbod for born. Det ser ut som du trivst når du saman med Olav, er vertskap på Villmarksmuseet og inviterer til fest. Du reiser også til Lavik på korøving i Lavik Kantori. Kva synest du at du har igjen for all denne friviljuge innsatsen?

«Det er fint å vere i fellesskap, og det gjev meinig at det er bruk for meg. Med alderen er det godt å kunne ta det litt meir med ro og av og til vere deltakar utan ansvar.»

Sissel Sørebø

## Heike og Irene - Viktige medarbeidarar i kyrkjene

I desember kunne vi lese om «Årets kirketjener» i avisa Vårt Land. Kvart år deler Trygve Skaug ut Årets kyrkjetenarpris. Trygve Skaug har turnert i mange år og brukte kyrkja som konsertlokale. Han la då merke til ei gruppe menneske som fekk lite merksemd, men som var svært viktige for det som skjedde i kyrkja. Dei ville han ære med ein «pris». Om kyrkjetenarane seier Trygve Skaug: «De må være ekstremt praktiske, omsorgsfulle, allsidige og fleksible. Og så skal de være bestevennen til kirka si, pleie den, og passe på den og de som er inni den, liksom. Det er ikke for hvemsomhelst.»

Også i våre kyrkjer har vi kyrkjetenarar som legg til rette for det som skal skje i kyrkja, og vi har samla to av dei - Irene Aase Aarseth og Heike Müller til ein prat, og for å høyre korleis det er å vere kyrkjetenar i bygdene her. Irene har lengst fartstid. Ho har vore kyrkjetenar på Kyrkjebø sidan 1. nov. 2009. Etter kvart vart ho også klokkar og fekk tilsvarande oppgåver i Vadheim.

Heike starta som klokkar og kyrkjetenar i Høyanger i 2013. Men alt i 2010 var ho frivillig klokkar – som ei oppgåve i soknerådet. Irene og Heike er gode støttespelarar og vikarar for kvarandre.

Irene vart oppmoda til å söke stillinga i si tid, medan Heike seier:

- Vi vart godt mottekne av kyrkjelyden då vi kom flyttande til Norge og Høyanger. Vi vart fort kjende og inkluderte. Eg vart ganske raskt valt inn i soknerådet, og tok på meg ein del oppgåver, også frivillig klokkarteneste. Difor var det naturleg å sökje då stillinga vart ledig.



### ***- Kva gjør de som kyrkjetenarar?***

- Til ei gudsteneste er det mykje som skal ordnast på førehand. Det skal vere reint i kyrkja, vi må sette på varme, vi ordnar med lys og blomar på alteret. Vi hengjer opp salmenummer og ringer med kyrkjeklokkena. På gudstenestene er vi også klokkar og medliturg. Då les vi m.a. tekstar og kungjeringar. Vi er presten si høgre hand på gudstenester og andre kyrkjelige handlingar.

Det vil seie: vi må klargjere kyrkja, vere til stades under alle aktivitetane og ha eit auge over alt.

Vi har også vaktmeisteransvar. Vi ordnar det vi klarer sjølv, og melder inn resten til kyrkjeverja.

Vi er også brannvernansvarleg. Dersom alarmen går, vert vi oppringt. Og det har vore falsk alarm ein del gonger.

### ***- Kva er det kjekkaste med kyrkjetenarjobben?***

- Å møte folk i alle slags situasjonar i livet. Det gledelegaste er barnedåp, bryllaup og konfirmasjonar. Det er små samfunn, og vi kjenner dei fleste som kjem. Frå tid til anna opplever vi at folk

kontaktar oss på butikken, med spørsmål angående kyrkja. For mange er vi kyrkja sitt ansikt utad. Det er forresten veldig kjekt å pynte det store juletreet i kyrkja, spesielt når born og unge er med på pyntinga.



#### **- Kva er mindre kjekt med jobben?**

- Vi må vere på jobb i alle høgtider. Det er fint, men av og til skulle vi ønske at vi hadde fri og kunne feire jul med familie som ikkje bur i området.

#### **- Blir dei lei av og til?**

- Nei! Men Irene seier at ho vert litt lei viss det kjem mykje snø rett før eit arrangement. På Kyrkjebø er det Irene som har ansvar for snømåking.

#### **-Har de nokre spesielle opplevingar de vil dele med lesarane av Helgestunder?**

Irene: Det er kjekt når det er mykje liv og røre i kyrkja. Det gjer ingenting om borna lagar lyd. Heike: Når kyrkja er full av folk og gjestar. Begge nemner visitasgudstenestene, og jubileums-gudstenestene.

Heike: I samband med kyrkjejubileet i Høyanger var det MIK og KIK - Musikk i Kyrkja og Kunst i Kyrkja. Det var fantastisk! Irene nemner også jazzgudsstenesta på Kyrkjebø i samband med 150-årsjubileet der.

#### **-Har de noko utdanning mtp kyrkjetenarjobben?**

- Irene: Eg har gått på kyrkjetenarskulen.
- I november var vi begge på fagdagar for kyrkjetenarar. Det var kjekt og nyttig.

#### **- Kva draumar har de for kyrkja?**

- Fulle kyrkjer, også med born og unge, og fleire frivillige medarbeidarar.
- Mykje dugnad utandørs og at folk bruker kyrkja aktivt.
- At kyrkja vert eit midtpunkt i bygdene.

Både Irene og Heike har noko viktig dei ville seie til slutt til alle dei som har vore i kyrkja i koronatida:

- Takk for at de har vore imøtekommende og hjelpsame slik at vi har kunne gjennomføre våre oppgåver med registrering og plassering.
- 
- Begge synest koronatida har vore ei litt trasig tid – ekstra reinhald og tilretteleggingar av ting, men det verste er at det har vore begrensingar på kor mange som kunne komme – både i gravferd, konfirmasjonar og julegudstenester.

Vi takker for praten. Som kyrkjelydspedagog i fleire år, har eg verkeleg sett pris på den jobben Irene og Heike har gjort og gjer. Eg visste alltid at når eg kom i kyrkja og skulle ha ei samling, så var det reint, varmen var på og alt var lagt til rette. Eg hadde gode medarbeidarar i dei. Så tusen takk!

Tekst og foto: Toril Lange



## Fasteaksjon 3. – 5. april 2022: Reint vann og naudhjelp til Ukraina

Fasteaksjonen er innsamlingsaksjonen til støtte for Kirkens Nødhjelp sitt arbeid i heile verda. Aksjonen er nest størst i Norge. I år feirar Kirkens Nødhjelp 75 års jubileet. Dei skriv om årets aksjon: Kirkens Nødhjelp arbeider på vegne av kyrkjene i Norge, med å sikre at menneske i naud får tilgang til vann, hygiene- og sanitære løysinger. Dette har vore tema for Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon sidan 2015. I 2022 har vi også eit særleg fokus på klimatilpassa jordbruk, gjennom vatning via dryppsystem.»



Konfirmantane har bidrøge med å gå med samlebøsse i heile landet – også i vår kommune. Dei siste to åra var innsamlinga reint digital, i år kan vi gå fysisk med bøsse i tillegg. Dette skal vere ei hyggjeleg erfaring for konfirmantane, ta difor godt imot dei!



24. februar 2022 gjekk Russland til angrep på Ukraina. Med fly, bomber og tanks held Russland no på å ta landet. Det har alt fått store konsekvensar. Krigen i Ukraina har skapt ein forferdeleg humanitær situasjon. Kirkens Nødhjelp har som andre hjelpeorganisasjonar starta ein aksjon med naudhjelpstiltak retta mot Ukraina. Vi må rekne med at denne konflikta kjem til å vare i lang tid framover, difor skal fasteaksjonen bidra til dette arbeidet. Eit stort antal menneske er no drevne på flukt i Ukraina.

Kirkens Nødhjelp har jobba med fredsbygging i ei årrekke og har 75 års erfaring med naudhjelpsarbeid. Kirkens Nødhjelp står mellom anna saman med den globale ACT-alliansen for å gje livsviktig naudhjelp. Ukrainske flyktningar på grensa til Ungarn har motteke 28 tonn med mat og hygieneartiklar fra Kirkens Nødhjelp og vår partner Hungarian Interchurch Aid. Naudhjelppssendinga er den første av ein serie sendingar for å hjelpe ukrainarar som har flykta for livet og ikke har anna enn det dei står og går i.

Ikke sidan den 2. verdskrigen har vi sett tilsvarande krigføring i Europa. Det er grunn til å frykte at mange liv vil gå tapt, og at eit stort antal menneske blir drevne

på flukt, og at sårbare grupper vert råka ekstra hardt. Den eskalerande situasjonen i Ukraina vil få store humanitære konsekvensar. Liv går tapt, menneske vert drivne på flukt, og levekår vert råka. Fattige, eldre og sårbare må bære dei tyngste børrene. Konflikta råkar mange, og vi jobbar sammen med partnarne våre for å nå ut til innbyggjarne i Ukraina som flyktar for livet, sier Dagfinn Høybråten, generalsekretær i Kirkens Nødhjelp.



Foto: Hungarian Interchurch Aid/ACT/Kirkens Nødhjelp

Behova i Ukraina er no store. Bankane vert tømde for pengar, det er stor vassmangel og folk flyktar frå alt dei eig og har.

– Takka være midlar som vert samla inn i Norge, mellom anna gjennom Fasteaksjonen og frå våre gjevarar, kan Kirkens Nødhjelp støtte katastrofeinnsatsen slik det no er behov for i Ukraina. Folk i naud skal ha hjelp, derfor er eg veldig glad for at vi raskt kan bidra i kriser, seier Høybråten.

**Vipps kr. 250 til 2426, eller bruk**

**Gåvekonto 1594.22.87493**

## **Det blir Jazzkonsert med Lavik Kantori og jazzbandet «Something Else» i Høyanger kyrkje 30. april 2022 kl 18.00!**



**Dette bør du få med deg! Dei som høyrde jazzbandet «Something Else» i Kyrkjebø kyrkje under kyrkjejubileet der, veit litt om kva vi har i vente! No blir dette teke eit steg lenger, når også Lavik Kantori stiller opp saman med Jazzbandet til felles konsert.**

Bandet, som er leia av kantor Boris Kuprijanov, består av 5 medlemer; vokalist og 4 musikarar som trakterer ulike instrument. Kantorikoret er leia og dirigert av kantor Gerda

Otterstein, og laurdag 5. mars hadde dei øving saman med Boris Kuprijanov som akkompagnerte på piano. Boris skryter av kantorikoret, og seier at dei held eit høgt nivå. Han seier også at Høyanger er i ein heldig posisjon som har ein slik kantorressurs!

**Det vi får høre på konserten er Bob Chilcott Little Jazz Mass, Jazz Songs of Innocence, og jazzmusikk ved jazzbandet «Something Else».**

Som komponist, dirigent og songar har Bob Chilcott hatt ei livslang tilknytning til kormusikk, først som korist og korforskar i koret ved King's College, Cambridge. Musikken hans har blitt

mykje innspelt av leiande britiske kor og grupper, innkludert The King's Singers, King's College Cambridge, Wells Cathedral, Westminster Abbey. Han hadde også samarbeid med den berømte songaren Katie Melua på albumet «In Winter». Hans mest framførde stykker er Can you hear me? A Little Jazz Mass, Requiem og St John Passion.

(Kjelde: Bob Chilcott Biography).



**VELKOMEN TIL KONSERT!**



Camilla Merkesvik Ådland tek i ein periode over nokre av oppgåvene til kyrkjelydspedagogen. Foto: Sissel Sørebø

### Påskesamling i Ortnevik kyrkje

Skjærtorsdag 14. april kl. 18.00 kan du vere med på ein gjennomgang av påskedramaet frå palmesøndag til påskedag gjennom tekstar, song og musikk. Anders Brekke, Sissel Sørebø m.fl. har ansvaret for opplegget. Vi håpar mange frå heile soknet kan samlast. Det gjeld også høgtidsgudstenesta i Bjordal kyrkje kl. 16.00 1. påskedag v/Karl Hjelmeland og Gerda Otterstein.

### Dugnad ved Bjordal kyrkje

Tysdag 26. april kl. 17.00 blir det dugnad rundt kyrkja. Ta gjerne med deg gode reiskap, og bli med i arbeidsfellesskapet!

### Opa kyrkje i Høyanger

Fram til 16.06., med unntak av 14.04. (Skjærtorsdag) og 26.05. (Kristi Himmelfartsdag) vert det kvar torsdag opa kyrkje i Høyanger i tidsrommet 17.00 til 19.00. Du kan tenne lys, høre på dempa musikk, studere kyrkjekunsten, eller berre vere stille. Det vil vere ein person frå soknerådet til stades kvar gong. Velkommen!

Høyanger sokneråd

## På Kyrkjebakken

### Køyring til samlingar på Sørsida

Fleire vil gjerne fylle opp bilane når det høver for dei. Så ver frimodig og ring ein av desse når du treng skyss til kyrkjelyden sine tilbod: Ann Iren Østerbø tlf. 47861872, Mari-Ann Lund Fridtun tlf. 91798311, Alf Magnar Svartemyr tlf. 46924792, Roald Jensen tlf. 95223286 og Arne og Ingunn Østerbø tlf. 90920181.

### God helg på nettet

Geir Sørebø legg framleis ut ei helsing på nettet før kvar helg, der han i naturen knyttar nokre tankar til teksten for søndagen. Jostein Hauge syng salmar som høver til. No kan ein finne innspelingar frå gudstenestene våren 2020 og «god helg» fram til i dag ved å gå inn på <https://www.worshippinginthenature.com>.

### Familiesamling i Ortnevik

Laurdag 7. mai kl. 15.00 blir det familiesamling anten ved grillhytta eller i kyrkja, avhengig av veret. Det blir ulike leikar og aktivitetar og eit opplegg med forteljing og song tilpassa born. Grilling om veret er fint. Sjå plakat.

### Friluftsgudsteneste på Sørebø

2. pinsedag kl. 12.00 blir det samling for små og store. Born vil syngje i kor, og Karl Hjelmeland er prest. Soknerådet ordnar kyrkjekaffi, og dei som vil grille tar med seg det dei vil bruke til sin familie. Leikar og natursti for born og vaksne. Alle er hjarteleg velkomne!

Bjordal og Ortnevik sokneråd

# På Kyrkjebakken

## Levering av Helgestunder

Vi har hatt avtale med posten om distribusjon av kyrkjelydsbladet til alle husstander i Høyanger kommune. Det har vist seg at leveringa fleire gonger har vore mangefull. Helgestunder er informasjon og skal ut til alle, også til oss som ikkje ynskjer reklame. Soknerådet vil no sørge for at bladet kjem i postkassene i Ikjefjord. Elles får posten framleis oppdraget. Dersom du er ferdig med å lese julenummeret og tenkjer å kaste det, ville vi sette pris på om du leverer det til kyrkjekontora, tilsette eller soknerådsmedlemmer. Då kan fleire få tilgang til bladet. Vi gjer også merksam på at alle Helgestunder kan lesast på kyrkja si heimeside.

Redaksjonen

## Kyrkjekysse i Høyanger

Dersom du ønskjer å delta i gudsteneste, men har problem med å kome deg til kyrkja på eige hand, kan du no få moglegheit til å få skyss. Du vert henta heime med bil, og køyrt heim etter gudstenesta.

Kontakt medlem i soknerådet i Høyanger, Vidar Myren på mobil 91311283, og gje melding om trøng for skyss. Kyrkjekyssen er kostnadsfri og vert utført av soknerådsmedlemene i Høyanger.

## Alværa 40 år søndag 19. juni 2022

Merk av i kalenderen, og ta turen til Alværa denne jubileumsdagen. Vi skal feire at det er 40 år sidan Alværa kyrje- og misjonssenter vart vigsla 20. juni 1982 av biskop Thor With. Både generalsekretær Helge Gaard og ordførar Petter Sortland har takka ja til å vere med på jubileumsfeiringa. Meir informasjon om opplegget kjem seinare.

## Påskemåltid i Lavik kyrkje

Etter to års pause, kan soknerådet endelig invitere til påskemåltid igjen. I over 15 år har det vore tradisjon å arrangere påskemåltid i Lavik kyrkje skjærtorsdag 14. april, kl. 18.00. Vi dekkar langbord i kyrkja og held måltid slik jødane gjør det når dei minnest det som skjedde då israelittane klarte å flykte frå slaveriet i Egypt under Farao, på Moses si tid.

Dette er ei litt «annleis» gudsteneste der alle deltek meir enn det som er vanleg. Vi syng, les forteljingar frå Bibelen og får smake på nokre av dei same rettane som jødane brukar – små rettar som symboliserer ulike deler av denne dramatiske forteljinga.

I tillegg har vi eit vanleg norsk kveldsmåltid før vi avsluttar med nattverd. Vi ynskjer små og store frå heile kommunen velkomne til ein spesiell og fin kveld i kyrkja!



Lavik sokneråd

## Nytt frå kyrkjeverja

### Høyanger kyrkjekontor har flytta

Kyrkjekontoret har no flytta inn i toppetasjen i Høyanger samfunnshus, til høgre på biletet. Du kjem dit ved å nytte hovedinngangen midt på biletet. Ta heisen opp til 8. etasje, så kjem du til våre nye lyse og trivelege lokale, med alle dei spørsmål du måtte ha til oss. Vi er å treffe der frå onsdag til fredag i tidsrommet 09.00 til 14.00. Velkommen!



### Kyrkjelydspedagog

Stillinga som kyrkjelydspedagog i Høyanger/Gaular er no lyst ut. Søknadsfrist er 1. 5. 2022. Utlysingsteksten finn du på vår heimeside [www.kyrkja/hoyanger/](http://www.kyrkja/hoyanger/)

### Økonomisk resultat

Rekneskapen til HKF for 2021 er ikkje avslutta enno, men det ligg an til eit underskot på ca. 170 000. Det meste av dette vil verte dekka av tidlegare års mindreforbruk, som står på fond.

### Bøn for Ukraina og verda

*Heilage treeinige Gud, Du som er kjelda til visdomen, freden og kjærleiken!*

*Saman med kyrkjer i heile verda kjem vi til deg og ber: verna folket i Ukraina!*

*Kom med di trøyst til alle som er redde, og som er i krigs- og konfliktområda.*

*Lat dei erfare din kjærleik og fred, og gjennom det finne mot til gode gjerningar.*

*Til deg kjem vi med vår uro, og ber om fred i Europa og i verda.*

*Gje leiарane i verda visdom, mot og handlekraft til å avslutte krigshandlingane,  
redde menneskeliv, og finne fredelege løysingar.*

*Jesus Kristus, du som er lyset for verda, kom med din fred!*

*Amen.*

## I GLEDE OG SORG

### DØYPTE

#### Høyanger kyrkje

06.02.2022 Vårin Kvist Grønsberg  
 06.02.2022 Max Fjeldsbø Høyvik  
 27.02.2022 Vegard Drage Skreien

#### Kyrkjebø kyrkje

23.01.2022 Emma Austreim Norevik  
 23.01.2022 Amelia Rose Sunde

#### Ortnevik kyrkje

23.01.2022 Joah Makarios Warvik



### DØDE

#### Høyanger

06.12.2021 John Magnar Olsen  
 27.01.2022 Elisabeth Bergseth  
 01.02.2022 Mona Nora Sandvik  
 07.02.2022 Kjellfrid Milde  
 18.02.2022 Hallrid Hegg  
 25.02.2022 Harald Bergset

#### Kyrkjebø

01.12.2021 Frank Ove Ytredal  
 14.12.2021 Amar Jdaini  
 23.12.2021 Aasta Nes  
 31.01.2022 Kåre Jostein Vattekær  
 14.02.2022 Georg Hovland

#### Lavik

29.11.2021 Andreas Norevik  
 27.12.2021 Herborg Hellem  
 04.01.2022 Brita Hellem  
 02.03.2022 Magnhild Sørestrand

#### Bjordal

28.02.2022 Harald Søreide



**Lat oss halde urokkeleg fast på vedkjenninga av vona, for han som gav lovnaden er trufast.  
Og lat oss ha omtanke for kvarandre, så vi oppgløder kvarandre til kjærleik og gode gjerningar!  
Hebr. 10.23-24.**

# Gudstenester

## 27. Mars – Maria Bodskapsdag

Kl. 11.00 Bjordal v/K. Hjelmeland  
Kl. 18.00 Kyrkjebø, v/A. Ester

## 03. April – 4. søndag i faste

Kl. 16.00 Ortnevik v/K. Hjelmeland og  
T. Lange, Samtalegudsteneste  
Kl. 18.00 Høyanger v/A. Ester  
Samtalegudsteneste

## 10. April - Palmesøndag

Kl. 17.00 Vadheim v/A. Ester  
Kaffigudsteneste

## 14. April. – Skjærtorsdag

Kl. 18.00 Lavik v/K. Hjelmeland  
Påskemåltid

## 15. April – Langfredag

Kl. 18.00 Høyanger v/A. Ester  
Korsvegmeditasjon

## 16. April – Påskeafta

Kl. 23.30 Kyrkjebø v/A. Ester  
Påskennattsgudsteneste

## 17. April – Påskedag

Kl. 11.00 Lavik v/A. Systad  
Påskedagsgudsteneste  
Kl. 16.00 Bjordal v/K. Hjelmeland  
Påskedagsgudsteneste

## 01. Mai - Arbeidernes dag

Kl. 11.00 Lavik v/K. Hjelmeland  
Kl. 18.00 Høyanger, v/A. Ester

## 11. Mai - Onsdag

Kl. 19.00 Høyanger v/A. Ester  
Gladgudsteneste

## 17. Mai – Nasjonaldagen

Kl. 10.00 Høyanger v/A. Ester  
Kl. 11.00 Bjordal v/K. Hjelmeland  
Kl. 11.30 Vadheim v/A. Ester  
Kl. 13.00 Kyrkjebø v/A. Ester  
Kl. 13.00 Lavik v/A. Systad  
Kl. 13.00 Ortnevik v/K. Hjelmeland

## 21. Mai - Laurdag

Kl. 11.00 Høyanger v/A. Ester  
Konfirmasjon

Kl. 13.00 Høyanger v/A. Ester  
Konfirmasjon

## 22. Mai – 6. søndag i faste

Kl. 11.00 Bjordal v/K. Hjelmeland  
Konfirmasjon  
Kl. 13.00 Ortnevik v/K. Hjelmeland  
Konfirmasjon

## 26. Mai - Helgetorsdag

Kl. 11.00 Lavik v/K. Hjelmeland  
Konfirmasjon

## 28. Mai - Laurdag

Kl. 11.00 Kyrkjebø v/A. Ester  
Konfirmasjon  
Kl. 13.30 Vadheim v/A. Ester  
Konfirmasjon

## 05. Juni -1. Pinsedag

Kl. 11.00 Lavik v/K. Hjelmeland  
Høgtidsgudsteneste  
Kl. 18.00 Høyanger v/A. Ester.  
Gladgudsteneste

## 06. Juni – 2. Pinsedag

Kl. 12.00 Sørebø v/K. Hjelmeland  
Friluftsgudsteneste  
Kl. 15.30 Måren v/A. Ester  
Friluftsgudsteneste

## 19. Juni – 2. søndag i Treeiningstida

Kl. 11.00 Alværa v/Helge Gaard. 40 års  
jubileum for Alværa. Lokale prestar deltek

## 26. Juni – 3. søndag i Treeiningstida

Kl. 19.00 Bjordal v/K. Hjelmeland  
Kveldssong



**NB: Det kan skje endringar, så følg med i  
kalendaren på Facebook, og på heimesida  
vår: [www.kyrkja/hoyanger/](http://www.kyrkja/hoyanger/)**

**INFORMASJON** Returadresse : Høyanger kyrkjecontor, Postboks 159, 6991 Høyanger**NoS 138 A**

Du som låg i natti seine, sorgtyngd, vanvørd og åleine, skjelvande på såre kne,  
du som skåli trufast tømde, medan alle dine røymde, stridsmann frå Getsemane!

Tekst: Jakob Sande

Melodi: Rolf Karlsen

Påske-evangeliet måla på konfirmantsamling og T-dag (2. – 4. klasse) i Lavik

